

## Kjære medlem i Sjømannskirken!

Vi inviterer deg som er medlem i Sjømannskirken til regionårsmøte i Møre. Her finn du detaljert program for årsmøtet og informasjon om korleis du melder deg på. Samlinga er søndag 30. mars 2025 i Dalsfjord kyrkje og på Dalsfjord skule. Vi startar med gudsteneste kl. 13 og fortsetter på Dalsfjord skule med mat, årsmøte og den tradisjonelle basaren til Dravlausbygda sjømannskirkeforening.

På årsmøtet skal det velgjast medlemmer til regionrådet for Møre for perioden 2025–2027, delegat til Sjømannskirkens generalforsamling i 2025. Generalforsamlinga blir digital og er 14. juni. Vedlagt ligg kandidatlistar til desse vala. Kandidatlistene fungerer også som stemmesedler for dei som vil førehandsstemme per post. Meir informasjon om valgordninga finn du lengre ned i invitasjonen. På grunn av moglegheit for førehandstemmer er det ikkje mogleg å kome med benkeforslag på kandidatar på regionårsmøtet. Medlemskontingenten for 2025 må vere betalt for å kunne stemme. (Foreningsmedlemmer betalar ikkje kontingent)

Alle medlemmer kan fremje saker til drøfting på årsmøtet. Har du ein sak du vil fremje, gjer du det ved å melde den til rådgjevar i Sjømannskirken, Ole Jakob Risnes, på e-post, [ojr@sjomannskirken.no](mailto:ojr@sjomannskirken.no) seinast tre veker før årsmøtet, det vil sei innan 9.3.2025.

## Velkomen til regionårsmøte søndag 30. mars 2025 frå kl. 13 i Dalsfjord!

NB! Regionårsmøtet er åpent for alle, også for dykk som ikkje er medlem av Sjømannskirken.

### Program:

- 13:00 **Gudsteneste i Dalsfjord kyrkje**  
Liturg: Kristine Myrene Bleikli (sokneprest i Dalsfjord)  
Predikant: Steinar Rishaug (sjømannsprest og regionrådsmedlem)  
Organist: Marie Austrheim Riise.  
Ørsta kyrkjekor deltek
- 14:15 **Varm lunsj på Dalsfjord skule kr 100,-**  
Ørsta kyrkjekor blir med på varmlunsjen og har kulturelt innslag.
- 15:00 **Regionårsmøte i aulaen**
- Registrering, velkomst, åpningsord og konstituering
  - Val av delegat til Sjømannskirkens generalforsamling 2025
  - Val av medlemmer og varamedlem til regionrådet
  - Regionens to- årsmelding for 2023 og 2024
  - Drøfting av saker til generalforsamlingen
  - Eventuelt andre innkomne saker
- 16:15 **Basar v/ Dravlausbygda sjømannskirkeforening**

## Praktiske opplysninger i samband med regionårsmøtet:

**Stad:** Dalsfjord kyrkje frå kl 13 og Dalsfjord skule frå kl 14:15

**Pris:** Kr 100,- for varmlunsj kl 14:15 (Gryterett)

**Mat:** Kaffe, kaker og hjertevarme vaflar under basaren frå ca 16.15.

**Stemmerett:** Alle medlemmer i Sjømannskirken med bustad i region Møre har stemmerett.

### Påmelding innan tysdag 25. mars 2025 til Sjømannskirken:

Epost: [ojr@sjomannskirken.no](mailto:ojr@sjomannskirken.no)

Mobil: 913 15 956

Post: Ole Jakob Risnes, Linerlevegen 10, 7022 Trondheim

Oppgje navn, mobilnr., evt. e-postadresse og evt. matallergier ved påmelding.

Sakspapira til årsmøtet finn du på denne nettsida:

<https://www.sjomannskirken.no/her/norge/regionarbeid/regionarsmoter-varen-2025-og-informasjon-om-gf-2025/>

Dei kan også sendast i posten eller på e-post på førespurnad via same kontaktinformasjon som ved påmelding. Sjømannskirken har ingen avtale med hotell i område, difor må dette eventuelt organiserast på eige initiativ. Sjekk også ferjeruta 1065 Volda-Lauvstad.

### Val av regionråd og generalforsamlingsdelegat i region Møre:

**Til regionrådet** skal det veljast fem medlemer for to år og tre varamedlemer for to år.

Kandidatliste/stemmeseddel med presentasjon av kandidatar ligg som vedlegg til dette brevet. Ein røyster ved å sette kryss på inntil fem av personane på kandidatlista. Dei fem med flest røyster blir faste rådsmedlemmer, de tre neste blir varamedlemmer. Alle medlemmer med registrert e-postadresse vil få tilsendt lenke til å førehandstemme elektronisk i perioden 10.-24. mars.

**Til generalforsamlingen** skal det veljast ein delegat og ein varadelegat.

Kandidatliste/stemmeseddel med presentasjon av kandidatar ligg også som vedlegg til dette brevet. Ein røyster ved å sette kryss på inntil ein person på kandidatlista.

Den med flest røyster blir delegat til GF, den neste blir varadelegat. Alle medlemmar med registrert e-postadresse vil få tilsendt lenke til å førehandstemme elektronisk i perioden 10.-24. mars.

Som medlem kan du gje di røyst på **ein** av følgjande måter;

Enten

#### PER POST

Fyll ut vedlagt røysteseddel, legg i konvolutt, frankér og send til:  
Ole Jakob Risnes, Linerlevegen 10  
7022 TRONDHEIM  
Merk konvolutten med avsendar og «Valg 2025».

Frist: 20.3.2025

Konvolutten leverast uopna til teljekorpset på årsmøtet.

eller

#### PER E-POST

Innan 10. mars får du tilsendt ein e-post med lenke til elektronisk røystegjeving.

Røysteperiode:  
10.-24.3.2025

eller

#### VED FRAMMØTE

på regionårsmøtet søndag 30.3.2025, Dalsfjord skule

Med venleg helsing



Regionrådet  
v/ leiar Trygve Winter-Hjelm

Norgesarbeidet i Sjømannskirken  
v/ rådgjevar Ole Jakob Risnes